



Småkraft As  
Postboks 2389, Solheimsviken  
5824 Bergen

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 22/138 - 22/1513

Saksbehandlar:  
Laila Bjørge  
laila.bjorge@alver.kommune.no

Dato:  
08.07.2022

## <Innvilga konsesjon for erverv for leige av fallrett til Eikemo kraftverk - gbnr 76/1-8 i Modalen

### **Administrativt vedtak Landbruk sak nr: 006/2022**

#### **Vedtak**

Modalen kommune gjev med heimel i konsesjonslova § 3 første ledd, jf. § 1, Småkraft AS konsesjon til erverv/leige av vassrettar og fallarettar i Hornafjellsvatnet areal på gbnr. 76/1,2,3,4,5,6,7,8 og 10 Modalen kommune.

Konsesjonen gjeld for utbygging av Eikemo kraftverk, med kraftproduksjon som føremål.

Det vert gjevne konsesjon for leige av vass-/fallrettar i seksti - 60 - år, frå og med oppstart av kraftverket.

Kopi av vedtaket vert oversendt matrikkelførar, for føring i matrikkelen.

#### **Saksutgreiing:**

I søknad av 04.04.22 søker Småkraft AS om konsesjon ved erverv/leige av fallrettar og regulering av Hornafjellsvatnet i samband med bygging og drift av Eikemo kraftverk i Vaksdal kommune.

Størstedelen av anlegg ligg i Vaksdal, men del av fallrettane er eigd av følgjande eigedomar i Modalen kommune: Søknaden gjeld for gbnr. 76/1-8 og 10 i Modalen

BKK Produksjon AS (no Eviny Fornybar AS) fekk i vedtak av 19.12.11, konsesjon til bygging av Eikemo kraftverk etter vassressurslova § 8.

Søknaden frå Småkraft AS om konsesjon, byggjer på at selskapet har inngått avtale med Eviny Fornybar AS om leige av vassrettane i Hornafjellsvatnet og fallrettane i Setesteinelvi og Skred-bekken i 60 år, med tilhøyrande grunn/anlegg for utbygging av småkraftverket. Det vert søkt om konsesjon for leigeperioden.

Kraftverket skal nytte fallet frå Hornafjellsvatnet frå kote 645 og ned til kraftstasjonen på kote 155. Hornafjellsvatnet vil bli regulert mellom kote 641 og 645.

Avtalen mellom Småkraft AS og Eviny Fornybar AS, og innehenta rettar frå grunneigarane, går fram av følgjande vedlegg til konsesjonssøknaden:

Konsesjonssøknaden tek utgangspunkt i konsesjonslova § 3, som seier at reglane om konsesjon også gjeld ved overdraging av bruksrett over fast eigedom som er stifta for meir enn 10 år.

I følgje Rundskriv M-1/2021 er overdraging av visse rettar, som fallrettar, likestilt med erverv, med utløyning av konsesjonsplikt etter konsesjonslova § 3. Dette har samband med at rettane kan ha verknad som ligg nær ein eigedomsrett, eller at dei kan redusere eigedomen sine bruksmoglegheiter. Rundskrivet seier vidare at konsesjonsplikta ved overdraging av rettane, berre oppstår dersom erverv av dei same rettane ville ha utløynt konsesjonsplikt. Dette vert vurdert å vere situasjonen i gjeldande sak.

Føremålet med ervervet er ikkje landbruksdrift, men kraftproduksjon. Søknaden vert difor ikkje handsama etter § 9 i konsesjonslova («særlige forhold for landbrukseiendommer»), men etter § 1 («lovens formål»).

Føremålet med konsesjonslova er å regulere og kontrollere omsetjinga av fast eigedom for å oppnå eit effektivt vern om landbruket sine produksjonsareal og eigar- og bruksforhold som er mest gagnlege for samfunnet. Dette for å tilgodesjå:

1. framtidige generasjonar sine behov.
2. landbruksnæringa.
3. behovet for utbyggingsgrunn.
4. omsynet til miljøet, ålmenne naturverninteresser og friluftsiinteresser.
5. omsynet til busetjing.

Samfunnet har vesentleg behov for elektrisk kraft, i dag og for framtida. I dette høvet representerer utbygginga ny tilgang på fornybar vasskraft.

Areala som vert berørt ligg i fjellområdet mellom Modalen og Vaksdal og vurderinga er at planlagt regulering og bruk av fallrettane, med tilhøyrande grunn og anlegg, ikkje går vesentleg ut over

landbruket. Ulempene ervervet kan medføre, vert ikkje vurdert å vere så store at konsesjon ikkje kan gjevast.

Grunneigarane har gjort avtale med Eviny om kraftutbygging, og er kompensert for ervervet/leigeavtalane (eingongssum). Det skal betalast erstatning til grunneigarane, i tillegg til dekking av kostnader til utsetjing av fisk, rehabilitering av stølar m.m. Rådmannen ser ikkje særlege argument mot dette, og vurderinga er at forholdet i tilstrekkeleg grad tek høgde for lova sine omsyn til landbruksnæringa. Eviny har no leigd bort rettane til Småkraft AS, for gjennomføring.

Omsynet til miljøet, ålmenne naturverninteresser og friluftsiinteresser vart vurdert ved NVE si handsaming av konsesjonssøknaden, mellom anna i «Detaljplan for landskap og miljø», der Statsforvaltaren i Vestland og Vaksdal kommune gav uttale. Omsyna vert difor vurdert å vere tilstrekkeleg omtalt, og det vert ikkje gjort nærare vurderingar etter naturmangfaldlova §§ 8 - 12.

Omsynet til busetjing vert vurdert å ha liten tyding i saka, og vert ikkje omtalt nærare.

#### JORDLOVA:

I følgje jordlova § 12 første ledd skal deling av eigedom som er nytta, eller kan nyttast, til jordbruk eller skogbruk, godkjennast av departementet. Det same gjeld forpaking, tomtefeste og liknande leige eller bruksrett til delar av ein eigedom, når retten er stifta for lengre tid enn 10 år, eller ikkje kan seiast opp av eigar.

I § 2 («virkeområde») tredje ledd i lova, går det fram at føresegnene i § 12 ikkje gjeld for tiltak med konsesjon etter energilova, vassressurslova eller vassdragsreguleringslova. Løyve til utbygging av Eikemo kraftverk er gjeve etter vassressurslova § 8, og søknaden om konsesjon vert av den grunn ikkje handsama etter jordlova.

#### Konklusjon

Rådmannen si samla vurdering er at samtykke til konsesjon ved erverv/bortleige av vass- og fallrettar til kraftproduksjon, med tilhøyrande anlegg/areal, ligg innanfor samfunnsinteressene og føremåla som konsesjonslova skal fremje (jf. § 1) og vert innvilga som omsøkt.

#### **Klage:**

*Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i Lov om offentleg forvaltning. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå den dato du vart gjort kjent med vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva du klagar på i vedtaket, og kva endringar du som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.*

Dersom du har spørsmål i saka, så kontakt landbrukssjef Laila Bjørge.

Med helsing

Jo Bjarte Tømmerbakke  
landbrukssjef

Laila Bjørge  
landbrukssjef